

REGLEMENT FOR UTBYGGINGSUTVAL FOR BYGG- OG VEGSAKER

Vedteke av fylkestinget i sak T-70/19

I VAL OG SAMANSETJING

- § 1. Utbyggingsutvalet for bygg- og vegsaker er oppretta med heimel i sak T 29/19 i Møre og Romsdal fylkesting den 17. juni 2019.

Utvalet skal ha 5 medlemmer. Alle dei 3 hovudutvala bør ha minst eitt medlem i utbyggingsutvalet.

Kvart medlem skal ha 3 personlege varamedlemmer i rekkefølge.

Fylkestinget vel leiar og nestleiar for den fylkeskommunale valperioda.

II ARBEIDSSOMRÅDE / MANDAT

- § 2. Utbyggingsutvalet er eit rådgjevande utval, og skal:

- Halde seg orientert om vedtekne prosjekt gjennom jamleg og systematisk rapportering om mellom anna prosjektmål, økonomi og framdrift i heile prosjekt perioden.

- Vere samspelspartnar med prosjekteigar i ulike problemstillingar som kjem opp - til dømes prioriteringsspørsmål vedkomande tiltak som det er aktuelt å ta ut eller gjere tilleggskjøp på, kvalitetsval m.m.

- Gje tilråding til overordna politiske organ i aktuelle saker i høve til byggereglementa.

III MØTE OG SEKRETARIAT

- § 3. Utbyggingsutvalet blir innkalla etter fastsett møteplan, og med rimeleg frist. Innkallinga, saman med saksdokumenta, skal sendast faste medlemmer og varamedlemmer.

Utvalet kan elles innkallast når leiaren eller to av medlemene krev det, jf. kommunelova § 11-2.

- § 4. Utvalet er vedtaksført når minst halvparten av medlemene er til stades, jf. kommunelova § 11-9.

- § 5. Det skal førast møtebok jf. kommunelova § 11-4.

- § 6. Sekretariatsfunksjonen skal liggje til fylkesdirektøren.